

	<b>Covid-19 smittevern for pasientnær praksis og klinisk undervisning i Helse Førde</b>		Dokument-id: D25164		
			Prosedyre		
<b>Beredskapsplan</b> Planar på Føretaksnivå Delplanar	<b>Utarbeidd av</b> Basert på Helse Bergen si prosedyre (tilpassa ved Åse Skare)	<b>Godkjent av</b> Fagdirektør	<b>Versjon</b>	<b>Gyldig frå</b>	<b>Rev. innan</b>
			1.00	06.08.2020	06.08.2022
			<b>EK-ansvarleg</b> Øen, Terje Olav		

## 1 Føremål og omfang

Ivareta smittevern mot covid-19 ved den kliniske utdanningsaktiviteten i sjukehuset.

Målgruppe og avgrensing:

- Leiarar, studentar/elevansvarlege og praksisrettleiarar ved Helse Førde
- Kontaktlærarar/praksislærarar ved NTNU, HVL, VID og fagskular/vidaregåande skuler
- Underviserar ved UiB
- Studentar, elevar og lærlingar

## 2 Gjennomføring

Det kan vere ei utfordring å halde tilrådd avstand mellom personar i einingar med små pasientrom, undersøkingsrom, vaktrom og medisinrom. Som hovudregel må storleiken på studentgruppa og kva for ein aktivitet som skal gå føre seg vurderast opp mot storleiken på lokalet.

Det er sett opp følgjande rammer for pasientnær praksis og klinisk undervisning:

- For å førebygge at det kjem smittsamt/sjuka studentar inn i sjukehuset, skal alle studentar fylle ut screeningskjema ([Informasjon og screening for covid-19 for studentar i praksis/klinisk undervisning i Helse Førde](#)) før dei møter i praksis/klinikk og framvise skjema første dag. Studenten har sjølv ansvar for oppbevaring av skjemaet.
  - Studentar som har vore i raude land/område siste 10 dagar før vedkomande skal i praksis/klinisk undervisning, har karanteneplikt og får ikkje begynne i praksis eller delta i undervisning før karantenetida er omme. Studentar som har vore på reise i grønne land/område siste 10 dagar før vedkomande skal i praksis/klinisk undervisning, skal testast for covid-19 og skal ikkje begynne i praksis før negativt svar føreligg.
  - Studenten skal snarast mogleg sjølv bestille time for prøvetaking.
  - Prøvene takast i heimkommunen, evt i Sunnfjord kommune, like før praksisstart.
  - Prøvesvar overførast til Helsenorge.  
Den enkelte student må sjølv logge seg inn og sjekke på [Helsenorge.no](#).
- For å førebygge for liten avstand mellom personar, skal heile døgnet nyttast til pasientnær praksis og klinisk undervisning. Undervisar/praksisrettleiar, saman med praksislærar, har ansvar for at dette let seg gjennomføre.
- Ved samling av større studentgrupper har undervisar/praksisrettleiar, saman med praksislærar, ansvar for at undervisning kan gjennomførast på ein forsvarleg måte, og at studentane til ei kvar tid overheld gjeldande tilrådingar om handhygiene og avstand, samt sjå til at færrest mogleg personar samlast over kortast mogleg tid.
- Behov for, og tiltak ved, rulling mellom einingar internt i sjukehuset, til dømes mellom sengepost og poliklinikk, eller mellom avdelingar, må vurderast for dei ulike aktuelle studentgrupper. Generelt gjeld dei same retningslinjer som for studentar med deltidsjobb i andre institusjonar:

- Disse studentane (innan fleire av helsefaga) har ofte deltidsjobb ved andre institusjonar enn der dei har praksis.
  - Dersom deltidsjobben føregår ved ein institusjon som har obligatorisk infeksjonskontrollprogram på plass, og følgjer retningslinjene for covid-19 utgitt av FHI, utgjer dette neppe ein vesentleg tilleggsrisiko for smitteoverføring.
  - Det er viktig at studentane, både når dei er i praksis og i lønna deltidsjobb, følgjer retningslinjene for smittevern som gjeld tilsette.
  - Dersom studenten vert eksponert for covid-19 og skal i karantene, må dette gjelde både for ekstravaktene og for studentpraksisen.
  - Dersom det ved jobben utanfor praksisavdelinga er ein annen utbrotsituasjon, til dømes MRSA, gjeld reglane for dette.
- 
- Smittevernutstyr er ein avgrensa ressurs og bruken må prioriterast og rasjonerast. Leiar i aktuelle kliniske eining skal, i samråd med undervisar/praksisrettleiar, vurdere om pasientnær praksis og klinisk undervisning skal føregå hos smitte-isolerte pasientar.
  - Studentane skal ha etepause utanfor den aktuelle kliniske eininga, gå til kantine
  - Studentane skal, der det er aktuelt, følge praksisrettleiar sin turnus.

### 3 Bakgrunn

Helse Førde følgjer dei til ei kvar tid gjeldande nasjonale retningslinjer i smittevernet mot covid-19, og vil gjere lokale tilpassingar når det er nødvendig.

Så lenge covid-19-epidemien er under kontroll i Helse Førde sitt opptaksområde, planlegg vi og våre samarbeidande utdanningsinstitusjonar (Universitetet i Bergen (UiB), Høgskulen på Vestlandet (HVL), VID vitenskapelige høgskole (VID) og fagskular/vidaregåande skular (som Helse Førde har avtale med) for ordinær utdanningsaktivitet i sjukehuset, for prioriterte grupper av studentar/elevlar (i denne prosedyren kalla «studentar»).

Dette er viktig for å oppretthalde normal studieprogresjon, sikre rekruttering av helsepersonell og hindre etterslep på pasientnær praksis og klinisk undervisning. Ved eventuell auke i smittepresset i vårt opptaksområde, må situasjonen vurderast på nytt.

Studentar omfattast av dei same retningslinjer som helsepersonell, og skal følge same reglar frå Folkehelseinstituttet ([FHI - Råd til spesialisthelsetjenesten](#)) og [Helsedirektoratet - Covid-19 \(koronavirus\)](#). En antatt ikkje-smittsam, frisk student skal ikkje behandlast på andre måtar enn ein antatt ikkje-smittsam, frisk tilsett.

### 4 Forankring

Prosedyren er utarbeidd i Helse Bergen. Eit samarbeid mellom smittevernoverlege og Seksjon for fag og utdanning i samråd med utdanningsinstitusjonane, og er godkjent av fagdirektør.

### 5 Referansar

#### Interne referansar

[BER-HFD.DEL.02-12](#)

Test av tilsette som har vore i utlandet

[BER-HFD.DEL.02-92](#)

Informasjon og screening for covid-19 for studentar i praksis/klinisk undervisning i Helse Førde

**Eksterne referansar**

[Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet \(covid-19-forskriften\)](#)

[FHI - Nytt koronavirus \(coronavirus\) – fakta, råd og tiltak](#)

[FHI - Råd til spesialisthelsetjenesten](#)

[Helsedirektoratet - Covid-19 \(koronavirus\)](#)

[Helsenorge.no](https://www.helsenorge.no)